

Referat

Styremøte i Sunnfjord Kulturråd.

Torsdag 24. mars 2022 kl 19.00

Sakralrommet, Førdehuset

Møtte:

Faste medlemmar:

Svein Inge Bjørkedal, Leon Årdal, Kirsten J. Friis, Karen Helga Maurstig, Gerd Nesbø,

Varamedlemmar:

Siri Brændmo

Sekretær: Johan Bengtsson

Referat:

1. Info om Vestland kulturråd ved Svein Inge Bjørkedal:

Bergen amatørkulturråd og Askøy Kulturråd ynskjer skipe Vestland kulturråd. Sunnfjord kulturråd var invitert til møte på Voss i det høvet. Svein Inge møtte digitalt. Det var til saman 8 kulturråd som møtte.

2. Førdehuset moglegheitstudie og strategiplan

Sunnfjord kulturråd ber om eit møte for innspel. Grappa som tidlegare er vald med Karen Helga Maurstig, Gerd Nesbø og Kirsten J. Friis får i oppdrag å førebu møte. Johan spelar dette inn til prosjektgruppa.

3. Arealplan

Enkeltpersonar og organisasjonar kan gje innspel på arealplanen. Gje innspel på arealplanen før 30. mars 2022 på lenkja her:

<https://sunnfjord.kommune.no/aktuelt-fra-kommunen/oppstart-av-kommuneplanen-sin-areadel-og-hoyring-av-planprogram.23988.aspx>

4. Informasjonskanal for Sunnfjord kulturråd. Gerd Nesbø opprettar Messengergruppe for styret med varamedlemmar. Det vert i tillegg vurdert Facebook eller Teamsgruppe.

5. Banner 17. mai 17. mai komiteen ynskjer utfordre heile organisasjonslivet til markering av Frivilligåret 2022 under 17. mai. Komiteen ynskjer at alle lag og organisasjonar stiller i 17. mai-toget, gjerne med song og spel. Alle medlemmer i Sunnfjord kulturråd kan stille bak vårt banner. Vi ynskjer bruke logoen laga av Astrid Wittersø som banner. Oppstilling kl 10.30 på Kunstgrasbana ved Førdehuset og avmarsj 11.00.

6. Andre arrangement

10. juni Kulturnatta, 16. juni Vår dag. Alle fire spelemannslaga har søkt støtte om støtte til Vår dag. Alle fekk avslag. Indre Sunnfjord, Gaular og Naustedalen ynskjer gjennomføre i Førde. Fjellklang gjennomfør på Skei. Dei ser og på skuleprosjektet som var planlagt i samarbeid med distriktsmusikarane. Dalsfjordveka vert avvikla 5-14. august Her kan alle delta ved arrangement i Dalsfjordområdet. Dalsfjordsveka skjer i samarbeid mellom Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar. Fjaler Sunnfjord kulturråd har søkt om støtte til ein frivilligkonferanse 15-16. september i Førdehuset. Her ynskjer vi invitere Politisk og administrativ leiing i kommunen. Vi må sette ned ein komite som jobbar med konferansen.

7. Kulturalliansen Kartlegging av kulturlokaler

Svein Inge Bjørkedal er, som tidlegare informert om, tilsett som vikar som produsent i 40 % stilling ved Sunnfjord kommune, Kultur og ungdom våren 2022. I den stillinga vil han utføre kartlegging av kulturlokalar i Sunnfjord kommune. Det er eit prosjekt som er initiert av Kulturalliansen

Her kan du lese om kulturaliansen, og om prosjektet: <https://www.kulturaliansen.no/>

8. Anna

Gerd Nesbø kom med to forslag:

- Når flyktningane frå Ukraina kjem bør vi i kulturlivet vi ta dei godt imot. Johan fekk i oppdrag å sjekke når dei kjem og gje beskjed til kommuneleiinga om at Sunnfjord kulturråd ynskjer bidra med velkomst og kulturopplevingar.
- 17. mai-toget bør vere delt opp i to. Eit for barn og unge og eit for vaksne. Dette blir eit innspel til 17. mai komiteen 2023.

Johan Bengtsson, sekretær